

Festeavgift.

Me viser til vedtekter for gravplassane i Stord kommune

Fredningstida (gratisperioden) er 25 år for kistegraver som er tekne i bruk, og 20 år for urnegraver.

Når fredningstida for grava er over vert det sendt ut faktura på festeavgift til den som er festar på grava/gravene.

Festeavgifta er for tida kr. 350 pr. år pr. kistegrav og kr. 250 pr år. pr. urnegrav.

Det vert sendt faktura for 5 år om gongen.

Det er Stord kommune som vedtek storleiken på festeavgifta. Jfr. §21 i Gravplasslova.

Det er i samband med kistegravlegging mogleg å festa (reservera) 1-2 graver ved sida av grava som er teken i bruk. Dette utgjer då ein gravstad med felles gravminne.

Graver som er reserverte, men ikkje tekne i bruk vert fakturert fram til gravlegging finn stad.